

Universitetsgaten 7
Postboks 8113 Dep
0032 Oslo
Telefon: 24 04 40 00
Telefaks: 24 04 40 01
www.bufdir.no



Vil du arbeide med barn som bur i fosterheim?
Då er kanskje oppdrag som tilsynsfører noko for deg!

Kvart fosterbarn har si eiga historie. Fosterbarn er like forskjellige som alle andre barn. Det er mange grunnar til at barn bur i fosterheim, men felles er det at foreldra ikkje kan ta seg av dei i ein kortare eller lengre periode. Barnevernet har hovudansvaret for at alle fosterbarn får eit omsorgstilbod som sikrar behova deira. Tilsynsføraren er viktig i dette arbeidet.

Kva gjer ein tilsynsførar?

Alle barn som bur i fosterheim, skal ha ein tilsynsførar. Det er bestemt i barnevernlova.

Tilsynsføraren skal besøkje barnet i fosterheimen så ofte det er nødvendig for å oppfylle formålet med tilsynet. Besøka skal leggjast til rette slik at barnet kan ta opp saker med tilsynsføraren utan at fosterforeldra er til stades.

Dei viktigaste arbeidsoppgåvene er å:

- føre kontroll med at barnet får tilfredsstillande omsorg i fosterheimen
- føre kontroll med at føresetnadene som blei lagde til grunn for plasseringa, blir følgde opp
- syte for at erfaringane og oppfatningane til barnet blir fanga opp og formidla til barneverntenesta
- registrere og melde frå om eventuelle behov fosterforeldra har for råd og rettleiing
- utarbeide rapport etter kvart tilsyn

Oppgåvene til tilsynsføraren kjem i tillegg til den oppfølginga barneverntenesta gjer av barnet og fosterforeldra.

Kven er oppdragsgivar?

Den kommunale barneverntenesta er oppdragsgivar. Tilsynsføraren får godtgjerse og utgiftsdekning etter avtale med barneverntenesta.

Barneverntenesta skal:

- gi rettleiing
- syte for nødvendig informasjon om barnet
- sjå til at tilsynsføraren fører forsvarleg tilsyn
- ta imot og følgje opp rapportar frå tilsynsføraren

Passar du til oppdraget?

Det blir ikkje stilt krav til særskilt utdanning eller erfaring for å kunne vere tilsynsførar. Det er likevel ein fordel at du har erfaring frå arbeid med barn eller ungdom.

Når ein skal velje tilsynsførar, legg ein vekt på å finne personar som barn kan få tillit til, slik at dei føler seg trygge på at dei kan ta opp problem som gjeld til dømes barneverntenesta eller fosterforeldra.

Den som blir vald, må kunne tenkje seg å utføre oppgåva over tid. Gode samarbeidsevner er viktig.

Barn som har fylt 7 år, og yngre barn som er i stand til å danne seg eigne synspunkt, skal kunne seie kva dei meiner, før tilsynsføraren blir vald.



Korleis bli tilsynsførar?

Dersom du ønskjer å bli tilsynsførar eller vil vite meir, kan du kontakte barneverntenesta i kommunen din eller den lokale fosterheimstenesta.

Du kan lese meir om tilsynsførarordninga på www.fosterhjem.no/www.fosterheim.no

Å vere tilsynsførar i fosterheim er lærerikt og utfordrande. Tilsynsføraren er ein viktig ressurs for barnet.